



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
Helge Oddvin Sandvik /
55516508

Vår referanse:
15/211988-27

Deres referanse:

Vår dato:
18.04.2016

Takstsøknad frå Førdepakken bompengeselskap AS

Staten vegvesen har i brev datert 7. april 2015 mottatt takstsøknad frå Førdepakken bompengeselskap AS.

Førdepakken blei vedtatt i Stortinget gjennom behandling av Prop. 137 S (2014–2015) Utbygging og finansiering av Førdepakken i Sogn og Fjordane.

Ved den lokalpolitiske behandlinga var det lagt til grunn takstar på 22,20 kr i 2013–prisnivå for lette køyretøy (tillatt totalvekt t.o.m. 3 500 kg) og 44,40 kr i 2013–prisnivå for tunge køyretøy (tillatt totalvekt over 3 500 kg). Omrekna til 2015 –prisnivå var dette likt med takstar på 23,50 kr for lette køyretøy (tillatt totalvekt t.o.m. 3 500 kg) og 47 kr for tunge køyretøy (tillatt totalvekt over 3 500 kg) – Bruk av elektronisk brikke: 10 pst. rabatt – Timesregel: Det blir berre betalt for ei passering pr. time. Passeringstak: Det blir maksimalt betalt for 30 passeringar pr. månad.

I søkande frå bompengeselskapet blir det vist til at Stortinget i samband med statsbudsjettet for 2016 vedtok at ny felles takst- og rabattstruktur skulle leggst til grunn for nye bompengeprojekt. Samferdselsdepartementet fekk også tilslutnad til å setje i verk ein gjennomgang av alle eksisterande prosjekt med sikte på omlegging til den nye takst- og rabattstrukturen. Den strukturen betyr ei standardisering av rabattar og fjerning av lokale særordningar med sikte på eit enklare og meir brukarorientert system.

For å stimulere til at enno fleire vel å bruka bombrikker, vil brikkerabatten bli 20% for lette køyretøy (takstgruppe 1). Brikkerabatten fell vekk for tunge køyretøy

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

(takstgruppe2) då dei fleste er omfatta av reglane om obligatorisk brikke. I det nye takst- og rabattsystemet legg ein opp til:

- Tilleggsavtaler for å oppnå lokal rabatt blir avvikla.
- Takstgruppene vert endra slik at personbilar i kjøretøykategori M1 i Autosys vert lagt til takstgruppe 1 (dvs.at bubilar og store personbilar (over 3500 kg) skal betale lav takst).
- Rabatt på 20% for kjøretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Rabatten kan kombinerast med passeringstak og timesregel.
- I nye prosjekt er det berre rabattane som det er vist til i tredje kulepunkt ovanfor, som kan nyttast.
Tunge kjøretøy vil ikkje få rabatt. Det inneber at timeregel og passeringstak fell bort for takstgruppe 2.

Ved berekning av dei nye takstane er det tatt utgangspunkt i at dei samla inntektene frå lette og tunge kjøretøy, dvs. takstgruppe 1 og takstgruppe 2 skal vere den same før som etter omlegging og at ingen av gruppene skal kome vesentleg dårlegare ut. Ved omlegging til nytt takst- og rabattsystem er det tatt omsyn til desse vilkåra. I det nye takst- og rabattsystemet vil taksten for tunge kjøretøy utgjere om lag 1,8 gongar taksten for lette kjøretøy.

Med dette som utgangspunkt har selskapet søkt om følgjande takstar når innkrevjinga av bompengar startar opp hausten 2016.

Kjøretøy	Før rabatt	Avrunda	Takst etter rabatt
Takstgruppe 1 (Lett bil)	26,05	26	20,80
Takstgruppe 2 (Tung bil)	46,89	47	47

Ved omlegging til nytt takst- og rabattsystem vil det vere naturleg at både inntektsnivået og fordeling av inntekter mellom takstgruppene blir vurdert. Det er vanleg at ei slik vurdering blir gjennomført eit år etter at innkrevjinga har starta opp. I bompengeselskapet sin søknad er dette formulert slik:
«Endringane i rekneunderlaget, gjør at det er uvisse om vi ved starten får ei korrekt fordeling. Dette vil vi likevel kunne evaluere og justere etter eit års drift ved gjennomgang av kor vidt ein har nådd inntektsmålet.»

Tilråding

Regionvegsjefen vil rå til at kommunane og fylkeskommunen slutter seg til takstsøknaden frå Førdepakken bompengeselskap AS.

Etter at søknaden er handsama i kommunane og fylkeskommunen vil søknaden bli sendt til Vegdirektoratet, som er takstmyndigheit.

Med hilsen

Tone Margrethe Oppedal
Leiar styring og strategistab

Sandvik Helge Oddvin

Likelydende brev sendt til
Askvoll kommune, Postboks 174, 6988 ASKVOLL
Flora kommune, Postboks 13, 6901 FLORØ
Førde kommune, Postboks 338, 6801 FØRDE
Gaular kommune, 6973 SANDE I SUNNFJORD
Naustdal kommune, Postboks 43, 6806 NAUSTDAL
Oddvar Flæte
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Førde, 7. april 2016

Statens vegvesen

Askedalen 4
6863 Leikanger**FRAMLEGG TL PRISING VED INNFORING AV BOMRING I FØRDE***1. Bakgrunn*

Planarbeidet og prosjekteringa med Førdepakken er nå godt i gong. Vi forventar at innkrevjinga av bompengar startar opp i oktober 2016. Bombrikker er bestilt og vil vere leveringsklare i juni. Det er derfor ønskjeleg å ha fastsett kva satsar som skal nyttast i løpet av mai. Vi vil da kunne planlegge informasjonsarbeidet og gjere desse førebuingane i god tid før ferietida.

2. Nye føresetnader frå Storting og regjering

Stortinget vedtok i samband med statsbudsjettet for 2016 at ny felles takst- og rabattstruktur skulle leggst til grunn for nye bompengeprojekt. Samferdselsdepartementet fekk også tilslutnad til å setje i verk ein gjennomgang av alle eksisterande prosjekt med sikte på omlegging til den nye takst- og rabattstrukturen. Den strukturen betyr ei standardisering av rabattar og fjerning av lokale særordningar med sikte på eit enklare og meir brukarorientert system.

For å stimulere til at enno fleire vel å bruka bombrikker, vil brikkerabatten bli 20% for lette køyretøy. Brikkerabatten fell vekk for tunge køyretøy (desse har obligatorisk brikke).

Ein legg m.a. opp til:

- Tilleggsavtaler for å oppnå lokal rabatt blir avvikla.
- Takstgruppene vert endra slik at personbilar i kjøretøykategori M1 i Autosys vert lagt til takstgruppe 1 (dvs. at bubilar og store personbilar (over 3500 kg) skal betale personbiltakst).
- Rabatt på 20% for køyretøy i takstgruppe 1 som er utstyrt med elektronisk brikke. Rabatten kan kombinerast med passeringstak og timesregel.
- I nye prosjekt er det berre rabattane som det er vist til i tredje kulepunkt ovanfor, som kan nyttast.
Tunge køyretøy vil ikkje få rabatt.
- For igangsette prosjekt krev omlegginga lokalpolitisk tilslutnad.
- Omlegginga til nytt takst- og rabattsystem skal gjennomførast utan å auka den statlege delen i finansieringa av bompengeprojekta.

Utgangspunktet for omlegginga er at det er dei same inntektene som skal inn i kvart enkelt prosjekt.

Dette skal gjelde uavhengig av rabattstruktur. Det heiter at inga gruppe og/eller bransje skal koma vesentleg dårlegare ut enn i dag.

Det skal vidare vere følgjande generelle fritak:

- Syklende og gåande
- Passasjerar i alle typar køyretøy (unntak kan vere på enkelte ferjeavløysingsprosjekt med innkrevjing på ferje)
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag
- Køyretøy i merka gravfølge
- Elektriske bilar med drivstoffkode 5 i vognkortet
- Kollektivtransport i rute (kan vere aktuelt i ferjeavløysingsprosjekt)
- Køyretøy som i samband med arbeid på bomvegen må passere bomstasjonen (ane). Slike fritak gjeld ikkje i bomringar
- Fritak for funksjonshemma i bompengeringar

Statens vegvesen har fått i oppgåve å implementere nye takstgrupper så snart som mogleg frå 2016. Førdepakken bomselskap AS har teke utgangspunkt i at det er dei nye føresetnadane som skal leggjast til grunn i vårt tilfelle.

3. Frå rentekompensasjon til rentetilskot

Regjeringa har tidlegare lagt til grunn at ei rentekompensasjonsordning for bompengelån skulle gi incentiv i omorganiseringsprosessen. Gjennom forliket om statsbudsjett for 2016, har Stortinget konkludert med at det i 2016 skal løyvast 100 mill. kr til ei rentetilskotsordning.

Førebels er det ikkje avklåra korleis dette vil slå ut for oss. Vi trur at kompensasjonsordninga bør nyttast til snøggare nedbetaling av låna. I høve andre selskap, har vi relativt lite gjeld. Det er derfor i samsvar med tidlegare berekningar, ikkje forventa at det vil ha særleg store utslag på satsane som skal nyttast til bompengar

4. Vårt rekneunderlag

I stortingsproposisjonen vart det i samsvar med søknaden vår, lagt til grunn «takstar på 22,20 kr i 2013-prisnivå for lette køyretøy (tillatt totalvekt t.o.m. 3 500 kg) og 44,40 kr i 2013-prisnivå for tunge køyretøy (tillatt totalvekt over 3 500 kg).

Følgjande takst- og rabattsystem er lagt til grunn (rekna om til 2015-prisnivå):

- Takstar på 23,50 kr for lette køyretøy (tillatt totalvekt t.o.m. 3 500 kg) og 47 kr for tunge køyretøy (tillatt totalvekt over 3 500 kg)
- Bruk av elektronisk brikke: 10 pst. rabatt
- Timesregel: Det blir berre betalt for ei passering pr. time
- Passeringstak: Det blir maksimalt betalt for 30 passeringar pr. månad.

Det blir elles lagt til grunn rabattar/fritak for betaling i samsvar med gjeldande takstretningslinjer. Alle rabatt- og fritaksordningar føreset bruk av brikke. Det er vidare føreset at takstane blir justerte i samsvar med prisutviklinga.»

Sidan vi skreiv søknaden vår, er det nokre endringar i rekneunderlaget:

- a) Det er obligatorisk brikke for tunge køyretøy – utan rabatt
- b) 20% flat rabatt til alle som kjøper brikker i takstgruppe 1

- c) Inntektene skal vere uendra og belastninga mellom tunge og lette køyretøy skal vere tilnærma lik før og etter omlegging
- d) Fritak av el-bilar blir rapportert som eit kostnadsproblem i fleire selskap

Takstane skal regulerast med utgangspunkt i basisåret for taksten (2013). Endringane i rekneunderlaget, gjør at det er uvisse om vi ved starten får ei korrekt fordeling. Dette vil vi likevel kunne evaluere og justere etter eit års drift ved gjennomgang av kor vidt ein har nådd inntektsmålet.

I proposisjonen var takstane i 2013 priser. Når innkrevjinga startar opp, vil det vere naturleg at takstane blir justerte til 2016 prisnivå eller tek høgde for forventa prisvekst nokre år fram i tid.

Takstane skal regulerast med faktisk prisvekst for anlegg så fram det ligg føre slik statistikk. Dette er statistikk som blir utarbeidd av SSB. Når det gjeld prognosar over forventa prisvekst, legg vi Finansdepartementet sine tal til grunn. Det ligg føre faktisk prisvekt for perioden 2013-2015.

Prisvekst : 2014: 2,4 pst. (SSB)

Prisvekst : 2015: 1,8 pst. (SSB)

Dette gir ein prisfaktor på: 4,2 pst.

For 2016, forventar Finansdepartementet ein vekst i anleggskostnaden på i storleik 2,7 pst. Det betyr at i høve til taksten i 2013, skal taksten justerast opp med 6,9 pst for å få 2016 prisar. Dette skal gjerast etter kostnadsindeksen for veganlegg fram til innkrevjinga startar opp. Deretter blir takstane justerte i høve konsumprisindeksen.

Det er opna opp for å justere takstane dersom det er nødvendig for å nå inntektsmåla i pakken. Det vil i så fall bli ei eingongsjustering.

5. Framlegg til takstar for Førdepakken

Når dei nye takstane skal setjast i kraft, er det sett vilkår om inntektsnøytralitet samstundes som belastninga mellom lette og tunge køyretøy skal vere tilnærma uendra. Som nemnt over, må vi i denne fasen bruke eit visst skjønn. Evalueringa etter eit års drift, vil kunne justere forholdet mellom lette og tunge bilar.

Taksten for lett bil blir justert slik at taksten etter rabatt blir lik den som kom fram i søknaden om innføring av bompengar.

Taksten for tunge køyretøy vil utgjere lett bil *1,8. Taksten for lett bil blir avrunda til nærmaste heile tal og tilsvarande for tunge køyretøy.

Nivået på takstane er tilpassa slik at sum bompengainntekter etter justering er på nivå med inntektene i berekningsgrunnlaget for pakken.

Denne modellen vil gje følgjande takstar:

	Opphavleg takst 2013 kr		Ny takst 2013 kr	
	Før rabatt	Etter rabatt	Før rabatt	Etter rabatt
Køyetøy				
Lett bil	22,22	20,0	25	20
Tung bil	44,44	40,0	45	45

Deretter blir takstane justerte for åra 2014 og 2015 basert på Statistisk sentralbyrå (SSB) sin kostnadsindeks for veganlegg.

Prisvekst SSB: 2014 = 2,4 pst.

2015 =1,8 pst.

Prisveksten i denne perioden blir: $(1,024 \cdot 1,018) = 1,042$, dvs. 4,2pst.

Vi justerer så taksten frå 2013 til 2015 med 4,2 pst.:

	Ny takst i 2016	
	Før rabatt	Avrunda
Køyetøy		
Lett bil	26,05	26
Tung bil	46,89	47

For lett bil, vil taksten med rabatt i 2016 bli **20,80 kroner pr passering**. Det vil bli innført ein timesregel og eit tak på 30 passeringar i månaden. Det betyr at det berre blir betalt for ei passering pr. time. Etter 30 passeringar, blir det ikkje kravd bompengar før i neste månad. Fritak for bompengar blir i samsvar med det som Stortinget har vedteke.

For tyngre køyetøy, blir satsane tilsvarende **47 kroner pr. passering**. Stortinget har bestemt at det er obligatorisk at dei skal ha brikke. Dei får ikkje rabatt. Det betyr at også timeregel og passeringstak fell bort for tunge køyetøy.

Med desse takstane, vil sum inntekter vere på nivå med sum inntekter i berekningsgrunnlaget. Det vil ikkje vere behov for å justere takstane utover justeringa i dei to åra 2015 og 2016. Det er små avvik i forholdet mellom inntektene før og etter justering.

	Inntekter 2016 (heilt år)	
	Før justering	Etter justering
Køyetøy		
Lett bil	94,1	93,0
Tung bil	17,8	19,0

Dei nye takstane blir lagt til grunn når innkrevjinga startar opp i 2016. Forholdet mellom lette og tunge køyretøy er ivare tatt på ein rimeleg god måte.

Som nemnt tidlegare, vil det etter eitt år måtte gjerast ein gjennomgang av innkrevjing av bompengar. Då skal både forholdet mellom inntektene frå lette og tunge køyretøy, inntekt per passering og inntektsnivå vurderast. Ved større avvik eller dersom inntektsmålet ikkje blir nådd, vil takstane bli justerte.

Dette vil vere ei eingongsjustering. Takstane vil deretter blir justerte i høve til KPI.

6. Vidare prosess

Framlegget blir sendt til SVV region vest for vidare handsaming. Vi har styremøte den 2. juni. Vi ber derfor om at vi får dykkar avgjerd innan 25. mai 2016.

Med vennleg helsing

Førdepakken bomselskap AS, 7. april 2016

Oddvar Flæte (sign)

Styreleiar